



VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

Sidsel Colling
Hagalia 4

3219-Sandefjord

Delegert sak nr. 16/85

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
TOVEBR	2016/832	8529/2016	150/257	13.04.2016

150/257 - Søknad om tiltak utan ansvarsrett - tilbygg Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 20-4.

TILTAK: Tilbygg til hytte
TILTAKETS ADRESSE: Furusvingen 12, 3864 RAULAND
EIGEDOM: Gnr. 150 bnr. 257 i Vinje
MELDER: Sidsel Colling, Hagalia 4, 3219 Sandefjord
TILTAKSHAVAR: Sidsel Colling, Hagalia 4, 3219 Sandefjord
BRA (NS 3940): 17,6 m²
BYA (NS 3940): 15 m² - total BYA 90 m² – maks utnytting

VEDTAK

Søknaden vert godkjent.

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn:**Referanse:**

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20120005 – Holtardalen III. Tidligere byggesak, saksmappnr. (jnr.) 2011/1426 og 2012/1220.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 31.03.2016. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 18.03.2016, jf. saksmappnr. (jnr.) 2016/832- med vedlegg.

Naboar er varsla 05.03.2016.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå tiltakshavar.

Tiltak:

Tiltaket gjeld riving av eksisterande veranda samt nytt tilbygg. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Ansvar i samband med tiltaket:

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Vilkår:

I tråd med sanitærreglementet for Vinje kommune gjer ein utbygger særskilt merksam på tekniske føresegner med krav om minsteavstand frå nybygg til VA-leidningar på 4 meter, samt kravet til overhøgde på minimum 90 cm frå botnsluk til samleledning.

Før tilkopling til både offentlege og private vass- og avlaupsanlegg skal ein varsel avdeling for Teknisk drift og vedlikehald i Vinje kommune.

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10).

Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.

Taktekking skal være torv.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 10 i kapittel 9 og i Avfallsforskrifta.

Handsamingsgebyr:

Løyve til tiltak – etter pbl § 20-4: kr. 4.800,-.

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 17,6 m²/ 15 m²

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2015)for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.

Krav om handsamingsgebyr på kr 4.800,- blir ettersendt.

Konklusjon:

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i Plan- og bygningslova. Klaga skal ein sende til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.
--

Med helsing

Tove Bringsvær
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.